

## IDRETTSPRISEN FOR SØR-AURDAL KOMMUNE

*Idrettsprisen har sidan 2007 blitt delt ut på den årlege kulturkvelden til kommunen. Dette er no vorte ei fast ordning. Før det vart den delt ut av Sør-Aurdal idrettsråd på eit høveleg arrangement. Det er no eit tettare samarbeid mellom kommunen og idrettsrådet, der idrettsrådet vel prisvinnar, kommunen dekker prisbeløpet og ordførar deler ut idrettsprisen på den årlege kulturkvelden etter kulturprisutdelinga. Formålet med å dele ut idrettsprisen på kulturkvelden, er å løfte og synleggjera idrettsprisen. Prisbeløpet er likestilt med kulturprisen og fastsett til kr 5 000 av formannskapet, FS- 005/15.*

### **Retningsliner for Idrettsprisen frå Sør-Aurdal kommune**

#### **Formål**

Utdeling av idrettsprisen skal stimulere unge talentar til å satse innan idretten.

#### **Retningsliner**

1. Idrettsprisen får namnet «Idrettsprisen for Sør-Aurdal kommune».
2. Idrettsprisen kan delast ut til einskildpersonar, fortrinnsvis talent, som representerer ein klubb i kommunen, er busett i kommunen, eller har lagt grunnlaget for sin suksess gjennom ein oppvekst i kommunen.
3. Alle kan kome med forslag til kandidatar, både enkeltpersonar og lag/organisasjonar.
4. Sør-Aurdal idrettsråd annonserer frist for innsending av forslag til kandidatar til Sør-Aurdal idrettsråd.
5. Idrettsrådets styre vel ut idrettsprisvinnar.
6. Kommunen dekker heile prisbeløpet, for tida kr 5 000.
7. I tillegg til ei pengegåve, får prisvinnar diplom og blomar.
8. Sør-Aurdal idrettsråd står for utdelinga.
9. Idrettsprisen blir delt ut på kulturkvelden.



Idrettsprisen 2012 til Kristin Nerødegård. Foto: Rune Larheim